



Brennmaneter

3.-4. trinn

Maneter har vore på jorda i meir enn 500 millionar år. Dei kom før fiskane og til og med før dinosaurane. Maneter finst i alle hav. Det finst til og med nokre maneter som lever i ferskvatn. Brennmaneta er den lengste arten av alle i havet. Med dei 40 meter lange tentaklane sine kan ho bli lengre enn ein blåkval.

Maneter er plankton. Det vil seie at dei driv rundt med havstraumane.

Maneter manglar både hjerne, hjarte, tenner og klør. Maneter kan kjenne lukt og rørslar i vatnet. Ei manet kan ete fisk. Dei fleste manetene jaktar på byttet sitt som ein edderkopp: Dei spreier ut tentaklane sine og ventar på at dyr skal bli fanga. Dei brennande neslecellene i tentaklane bedøver byttet. Mellom tentaklane har manetene ein munn, der maten blir ført inn.

Norske brennmaneter og glasmaneter lever vanlegvis berre ein vår- og ein sommar-sesong. Før ei manet døyr, har ho sleppt ut egg som blir til larvar. Larvane sym ned og festar seg på havbotnen. Då blir dei kalla polyppar. Desse polyppane slepper ut små minimaneter som utviklar seg til store maneter.





Ord og omgrep å snakke om

manet

organisme

egg

larve

polypp

tentakel

nesledyr

klone

feste seg

plankton

drive rundt

havstraum



Learn English

jellyfish

organism

egg

larva

polyp

tentacle

coelenterate

clone

to attach

plankton

to drift

ocean current



Framgangsmåte:


Skriv ut hjula på kraftige ark, for eksempel 250 g.

Fargelegg overskrifta og pila.

Klipp ut luka inne i hjulet.

Klipp så langs den stipla linja på hjulet.

Denne delen skal liggje øvst av dei to hjula.



Framgangsmåte:

Skriv ut på kraftig ark. Fargelegg alle teikningane i riktig farge.

Fargelegg ferskvassfelte med lyseblå farge. Fargelegg saltvassdelen med mørkeblå farge.

Klipp så langs den stipla linja på hjulet. Legg dei to ferdige sirklane over kvarandre.


Stikk hol i sentrum med ein stift. Fest dei to sirklane saman på midten med ein splittbinders.



Fyll inn felta med fakta

UTSJÅNAD

MAT



EG ER EIN



BUSTAD

FORMEIRING



Manetens liv – sett strek

Sett strek frå riktig bilete til riktig namn.



polypp

egg

larve

vaksen manet

utvaksen polypp

minimanet løysnar